

## **Søknad om vedlikehald og opprusting av Svartedalen i Rosendal**

Rosendal bygdelag er no oppmoda frå fleire hald om å ta eit initiativ til gjennomføring av ei utbetring av den sjarmerande og fredelege turstien som passar så godt som turløype for små og store turgåarar. Vi har grunn til å tru at lokalforvaltinga stiller seg positiv til initiativet.

Rosendal Bygdelag har vore i kontakt med grunneigarane rundt stien, og dei har munnleg godkjenner munnleg restaurering. Ikkje berre det, dei oppmodar sterkt om at arbeidet no vert utført.

Dette er den gamle ferdslevegen frå Skeie og Guddal til Rosendal («Svartedalen») som har vore nytta i uminnelege tider til ferdsel mellom Guddal, Malmanger prestegard og Kvinnherad kyrkje. Den gamle ferdslevegen kjem ned i riksvegen like ved Rosendal fjordhotel, og stien tener difor også som startpunkt for mange av turgåarane til Malmangernuten og Skeisfjellet.

I nyare tid vart ferdslevegen også nytta av det årlege «Kvinnheradløpet», arrangert av Rosendal Turnlag. Grunna manglande vedlikehald og problem med vatn, vart denne bruken avslutta.

Det har vore gjort fleire forsøk på å få til ei restaurering frå 1985 til i dag. I dag er det mange som nyttar seg av denne stien. Turgåarar som skal enten skal til Malmangernuten, Skeie eller til Galleri Guddal. Barn og ungdom som bur i byggefeltet i Skeishagen kan nytta seg av stien, og vil såleis unngå å gå langs hovudvegen.

Leiar for Rosendal bygdelag sendte mail til Vestland fylkeskommune 15.02.2023 om ei skildring og problemstilling av Svartedalsprosjektet. Same mail vart sendt til kommunen, der byggesak og sektor miljø og teknikk kunne stilla på møte, og at det var viktig at Vestland fylkeskommune gav uttale.

### **Samtale med Vestland fylkeskommune dato 28/11.23**

Mailen som vart sendt fekk saksnummer 2023/34557, tildelt to saksbehandlarar.

Saksbehandlar 1, tlf: 404 27 671 (friluftslivavdelingz): Fortel at ut frå bilete og skildringa som vart tilsendt er det viktig at stien vert fiksa. Han heldt også på med eit prosjekt for å kartleggja alle turstiar, og ser at Svartedalen er starten på eit T-merka sti, og det skal då vera krav til vedlikehald av stien.


Saksbehandlar 2, tlf: 93 28 53 16 (kulturminneavdeling): Fortel at ho ikkje lukkast med å finna epost til Rosendal Bygdelag, og fekk dermed ikkje gje skriftleg svar på mailen som vart sendt i februar. Saksbehandlar hadde derimot ringt til kommunen og gitt munnleg svar til

Anita Lykkja. Det som vart sagt her er at fylkeskommunen hadde ikkje midlar til å støtta vedlikehaldet av Stien.


Saksbehandlar fortel vidare at dersom ikkje stien vert ordna, kan dette medføre øydelegging av steingarden som er ved Svartedalen. Ho presiserte at ivaretaking av kulturminne, slik som steingarden, ligg hos kommunen. Ho kunne dessverre ikkje skrive ei anbefaling om restaurering av stien, utan ei henvendelse frå kommunen. Ein ting var derimot klart, stien trengte restaurering, før vatnet som renn i stien øydelegg stien og steingarden.

### **Prosjekt for Svartedalsstien:**

Tidlegare i år vart det halde eit stibyggekurs der 80 meter av stien vart utbetra, dette vart gjort i regi av Nasjonalparkstyret for Folgefonna nasjonalpark. Det vart då gjort munnlege avklaringar med fylkeskommunen/statsforvaltaren i Vestland, slik at kurset kunne gjennomførast.



Det gjenstår 177 meter med restaurering av turstien, dette er den mest hardt ramma delen av stien (merka med blå linje på bilete nedanfor).





## **Rasfare og auka trafikk:**

Vi er ikkje kjent med at det har gått ras i dette området i moderne tid, og det framstår heller ikkje som særleg rasutsett. Dei bratte delane av Malmangernuten ligg eit godt stykke nærare sentrum av Rosendal enn der stien i Svartedalen går. Terrenget ovanfor er også heilt tilgrodd med vegetasjon og tre.

Vi kan leggja til at det mellom Svartedalen og Omshagen nyleg er laga ny traktorveg, med løyve frå kommunen, i eit område som er mykje brattare. Det kan også nemnast at i løpet av dei siste par åra så er stien rundt Hattebergfossen utbetra, også det etter løyve frå kommunen, og igjen i eit terreng som har mykje brattare fjell over seg enn kva tilfellet er i Svartedalen.

I tillegg er det busetnad, til og med eit byggjefelt (Skeishagen) parallelt med stien i Svartedalen, noko som stadfestar at kommunen tidlegare ikkje har sett på området som rasutsett. Vi ser det såleis ikkje som naudsynt med spesielle tiltak knytt til tryggleik.

Restaurering av stien i Svartedalen vil nok føra til auka bruk, men vi snakkar neppe om den store veksten. Trafikken til Malmangernuten vil truleg ikkje auka mykje sjølv om Svartedalen vert betre. Det er fyrst og fremst innbyggjarane i området som vil få glede av stien, samt besøkande til Galleri Guddal, og kanskje føretrekkja den i staden for å gå langs bilvegen.

Men ikkje minst handlar prosjektet om å ta vare på den vakre Svartedalen med dei gamle steinmurane. I regnvêrsperiodar renn det mykje vatn i stien, noko som både gjer den uframkomeleg og undergrev murane. Dessutan renn vatnet ned på eigedomane på nedsida, og fører til plager for grunneigarane der.

*Vi søker hermed om løyve til å restaurera stien i Svartedalen slik det er skissert, og vonar på ei snarleg og positiv handsaming, til beste for innbyggjarar og grunneigarar i området.*

Rosendal 1. desember 2023

For Rosendal bygdalag

Stine B. Hatteberg